



Din Bolig Søknad As  
Renate Eriksen  
Postboks 145  
5408 SAGVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10702 - 22/97795

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
04.01.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 351/158 Landsvik**

Tiltak: bygging av kai, utlegging av flytebrygge og utfylling i sjø  
Byggjestad: Gbnr: 351/158  
Tiltakshavar: Erik Saltvold  
Ansvarleg søkjar: Erik Saltvold

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.01.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltak er vist plassert 1 meter frå nabogrensa. Kommunen kan ikkje sjå at etablering av brygge/kai fell under unnatak frå utgangspunktet i pbl.§29-4 andre ledd, som set 4 meter avstandskrav til nabo.

Søknad må supplerast med samtykke frå naboeigedom med gbnr.351/106. Alternativt må det søkjast om dispensasjon frå pbl.§29-4.

2. Det er vist til at naust er forsøkt plassert innanfor arealføremål «andre bygningar og anlegg». Kommunen legg søkjar si vurdering til grunn. Dersom dykk ser at sjølve tiltaket strekk seg over i arealføremål «fritidsbustad», må søknad supplerast med dispensasjon frå dette arealføremålet.
3. Viser til tilsendt uttale frå Bergen Hamn. Det er her vist til at dei ikkje vil kunne fatte vedtak før byggesak har avklart dispensasjon.

Byggesak kan ikkje handsame søknad som tiltak i eitt-trinn, der det er naudsynt med løyve etter anna lovverk. Dersom vi skal kunne handsame søknad, må denne enten gjerast om til eit rammeløyve, eller så må søknad om dispensasjon handsamast isolert.

Minner om at ein vert fakturert for alle tiltak òg ved søknad om rammeløyve.

Vil vidare informere om at tiltak mulegeins krev løyve frå Statsforvaltaren i Vestland etter forureiningslova, for mudring/fylling i sjø. Saka er no sendt på uttale den 04.01.2023, der det er bedt om at Statsforvaltaren vurderer dette. Uttalefrist er 4 veker. Dersom dykk ynskjer hurtig avklaring på dette, må dykk eventuelt forsøkje å avklare dette direkte med Statsforvaltaren i Vestland.

Ber om tilbakemelding på korleis dykk ynskjer at sak skal handsamast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **10.02.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Din Bolig Søknad As  
Erik Saltvold

Postboks 145  
Odins Veg 30

5408 SAGVÅG  
5221 NESTTUN